

Kvalitetssikring av behandlinga ved Seksjon for spiseforstyrningar

Helse Bergen HF, Haukeland Universitetssjukehus, Klinikk for psykosomatisk medisin, Seksjon for spiseforstyrningar.

Seksjonen har regionsfunksjon for behandling av dei som har mest alvorleg spiseforstyrning.

I dette prosjektet blir sjukdommens alvorlighetsgrad registrert ved behandlingsstart og etter 3, 6, 9 og 12 månaders behandling og eitt år etter avslutta behandling. Sjukdommens alvorlighetsgrad blir scora etter eit definert sett med prøvar slik at ein kan bestemme kor sjuk pasienten var ved behandlingsstart og korleis sjukdommen endrast under behandling og oppfølging. Dermed vil ein få vite kor alvorleg sjuke pasientar som blir behandla ved seksjonen og kor effektiv behandlinga er. Ein vil også få informasjon om kor stor andel av pasientane som får tilbakefall og kor raskt pasientane kjem til behandling ved residiv.

Frå 1. januar 2007 har alle pasientar som har starta dag- eller døgnbehandling ved seksjonen blitt inkludert i prosjektet. Dei bevilga midlane skal brukast til bearbeiding av innsamla data og til gjennomføring av kvalitetsforbetringstiltak der ein blant anna bruker gjennombruddsmetodikk.

Seksjon for spiseforstyrningar samarbeidar med andre einheiter i Helse Vest. Gjennom prosjektet vil ein kunne få avklart om ansvarsfordeling mellom den regionale einheita og samarbeidspartnarane i regionen fungerer slik som det er meint. Prosjektet vil kunne tene som modell for andre einheiter i det psykiatriske helsetilbodet som ønskjer å registrere kor alvorleg sjuke pasientar som kjem til behandling og kor effektiv behandlinga er.

Kontaktperson:

[Stein Frostad](#)

Seksjonsoverlege

Seksjon for spiseforstyrrelser

Klinikk for psykosomatisk medisin

Haukeland Universitetssjukehus